



MØTEINNKALLING

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Hareid rådhus

Dato: onsdag, 4.10.2017 Tid:14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan verte kalla inn, jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt på telefon 70 09 50 00.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Møtesekretariatet kallar inn varamedlemar.

Møte er ope for publikum, med unnatak av saker som vert handsama i lukka møte.

Politiske saker som vert handsama i lukka møte er unnatekne offentleg innsyn og innhaldet er underlagt teieplikt.

—
Saksdokumenta i original og avskrift er lagt ut til offentleg innsyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 28.9.2017.

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 10/17	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 11/17	Godkjenning av protokoll førre møte	
	Referat saker	
RS 6/17	E-post til Likestillings- og diskrimineringsnemda	2017/861
RS 7/17	Status vedkomande utbetringar ved Hareid ungdomsskule	
RS 8/17	Status vedkomande oppmerka og tilrettelagde handicap-plassar ved apoteket	
RS 9/17	Synfaring ved barneskulane i Hareid kommune - tid og stad	
RS 10/17	Orientering vedkomande bustadane på Pålhaugen	
RS 11/17	Eventuelt	
	Politiske saker	
PS 12/17	Parkering/ oppstillingsplass for brukarar av Rotarystien	
PS 13/17	Felles NAV-kontor for Hareid og Ulstein kommuner	2017/908

Hareid, 28.9.2017

Else Gjerde
utvalsleiar

Anne-Karete Mork
utvalsekretær

Politiske saker

PS 10/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 11/17 Godkjenning av protokoll førre møte

Referat saker

RS 6/17 E-post til Likestillings- og diskrimineringsnemda

Til Likestillings- og diskrimineringsnemda v/ Eli Knøsen

Vi henviser til samtale på konferansen i Ørsta RFU den 29.03.2017. Saka gjeld Hapark sine parkeringsautomater på Hareid

Hapark opna i januar 2016. Automatane møter ikkje krava til universell utforming. Det er 150 cm opp til betalingspunktet.

Vi har tatt opp denne saka med Hapark like etter opninga, Vi syntest det var utruleg at parkeringsautomatane ikkje var universell utforma på eit anlegg som var nytt i 2016.

Vi har og hatt kontakt med Hapark etter den nye lova tredje i kraft i 2017, der det mist skal vere ein universell utforma parkingsautomat.

Vi har fått til svar at det ikkje er tilbakevirkande på det som allereide er gjort. Kravet vårt er at det bør vere minst ein universell utforma parkeringsautomat i sentrum.

Vi sender no etter avtale med Eli Knøsen, ein mail om dykk kan ta saka vidare for oss.

Med vennleg helsing Hareid RFU, v.leiar Else Gjerde

RS 7/17 Status vedkomande utbetringar ved Hareid ungdomsskule

RS 8/17 Status vedkomande oppmerka og tilrettelagde handicap-plassar ved apoteket

RS 9/17 Synfaring ved barneskulane i Hareid kommune - tid og stad

RS 10/17 Orientering vedkomande bustadane på Pålhaugen

RS 11/17 Eventuelt

Politiske saker

PS 12/17 Parkering/ oppstillingsplass for brukarar av Rotarystien



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2017/908	Løpenr. 6757/2017	Klassering 024
Sakshandsamar:	Bent Arild Grytten, Rådmannen	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/17	Formannskapet	02.10.2017
13/17	Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne	04.10.2017
	Levekårsutvalet	10.10.2017
	Eldrerådet	11.10.2017
	Kommunestyret	26.10.2017

FELLES NAV-KONTOR FOR HAREID OG ULSTEIN KOMMUNER

/ 2017/908

Tilråding frå rådmannen:

Vertskommuneavtale om felles NAV-kontor mellom Hareid og Ulstein kommunar vert godkjent som den ligg føre og med verknad frå 1. januar 2018.

Formannskapet si handsaming:

PS 94/17 vart handsama etter PS 97/17.

NAV-leiar Anders Hammer orienterte.

Røysting:

Samrøystes

Formannskapet si tilråding frå møte 2.10.2017:

Vertskommuneavtale om felles NAV-kontor mellom Hareid og Ulstein kommunar vert godkjent som den ligg føre og med verknad frå 1. januar 2018.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Vertskommuneavtale om felles NAV-kontor	26.09.2017

Samandrag av saka:

Politisk og administrativt nivå i Hareid og Ulstein kommunar har gjennomført drøftingar med NAV Møre og Romsdal, med sikte på ei eventuell samanslåing av dei to NAV-kontora i kommunane. Ein har mellom anna drøfta om kor vidt det er tenleg å slå saman kontora, kvar eit nytt felles NAV-kontor kan plasserast og korleis ei eventuell samanslåing skal gjennomførast i praksis. Det ligg føre eit avtaleutkast om samarbeid om felles NAV-kontor mellom Hareid kommune og Ulstein kommune med Hareid som vertskommune. Rådmannen rår til at Hareid kommune godkjenner avtalen.

Saksopplysningar:

Gjennom arbeidet med kommunereforma utvikla kommunane ein konsensus om å bygge vidare på kommunesentra. Interkommunal samhandling brer om seg, og tema om funksjonsfordeling er sentralt. Hareid og Ulstein kommune har samarbeid på fleire tenestemråde. I det siste har samarbeid om brann og PPT vore oppe, og i begge tilfelle er administrasjonen av tenestene lagt til Ulsteinvik. Administrativ og politisk leiing i begge kommunane er samde om at når det gjeld NAV er dette ei teneste som kan leggest til Hareid. Eit alternativ kan være i det nye Helsehuset. Dette er under planlegging/utbygging, med ferdigstilling i løpet av 2019, utan at dato for dette er tidfesta pr. dags dato. NAV Hareid og Ulstein har nyleg tilsett ny felles leiar, og det ideelle er å samlokalisere drifta snarast råd. Dette har ein økonomisk konsekvens.

I denne saka vert det freista å sette søkjelyset på fordelar og ulemper i høve dei ulike problemstillingane, slik at politisk nivå i kommunane, får eit høveleg underlag for å ta dei rette avgjerda i saka.

Framlegg til vertskommuneavtale ligg ved.

Vurdering og konklusjon:

Det reiser seg generelt ei rekke problemstillingar, når ein skal vurdere å gå inn i eit interkommunalt samarbeid. Og ikkje minst i dette konkrete tilfellet, med staten (NAV), som ein 3. part.

I dei førebunde forhandlingane om nytte felles NAV-kontor, har det vore stor semje mellom partane om at det ligg føre mange fordelar ved gå saman i ei ny og større eining. Dei geografiske avstandane er små og betyr dessutan stadig mindre for eit fleirtal av brukarane. Både brukarane og dei tilsette vil tvert i mot kunne oppleve at tenestene blir meir robuste, kvalitativt sterkare og mindre sårbare, når fagmiljøet vert større og samla i meir effektive lokale. For kommunane vil oppsida kunne vere meir effektiv drift og såleis vere ein potensiell mulegheit for at meir av kommunane sine samla løyvingar til tenestene, kan nyttast til tenestene og mindre til reine driftskostnader. Det er såleis tvillaust at det ligg føre vesentlege argument som tilseier at det generelt vil vere gagnleg å slå saman dei to einingane.

Utfordringa vil i første rekke ligge i den mellombelse driftsfasen. Dei påtenkte lokala for det nye NAV-kontoret er ikkje venta ferdigstilt før hausten 2019, mens etableringa av det nye felles NAV-kontoret kan bli ein realitet allereie frå 01.01.2018. Begge kommunane er dessutan inne i langsiktige leigekontraktar i sine noverande leigeforhold. Såleis kan det ligge an til at baa kommunane og NAV, vil få kostnader til tomgangsleige dersom ein

samløkaliserer frå etableringstidspunktet. Og sidan mulegheita for mellombels samløkalisering i Ulstein er til stades og fleire argumenterer for at samløkalisering på tidlegast muleg tidspunkt vil vere ein kritisk suksessfaktor, vert det aktuelt å gjere ei utgreiing av dette, med sikte på snarleg avtaleinngåing.

Dei lokale NAV-kontora har både statlege og kommunalt tilsette. Del statleg / kommunalt tilsette vil variere mellom dei ulike kontora og NAV og kommune deler såleis på mellom anna husleigekostnader etter ei fordeling som er avtalefesta mellom NAV og dei aktuelle kommunane. NAV er på denne måten tungt inne i dei fleste husleigekontraktar som ligg føre på tenesteområdet.

Det vert såleis tre partar som skal dele på dei framtidige husleigekostnadane, tomgangsleige i ein eventuell mellombels driftsfase, samt på alle kostnader relatert til endring av lokasjon.

Samla sett, gir det som er nemnt ovanfor rådmannen grunn for å tilrå at NAV-kontora i dei to kommunane vert samanslegne frå 01.01.2018. Samarbeidet skal skje etter vertskommuneprinsippet med Hareid som vertskommune. Ein arbeider for ei mellombels løysing i NAV sine eksisterande kontor i Ulstein kommune.

Etter punkt 4.2 i samarbeidsavtalen er mynde til å representere samarbeidskommunane overfor NAV lagt til vertskommunen. NAV har viktige samarbeidsrelasjonar og kontaktflater inn mot begge kommuneorganisasjonane. Det er viktig at ein avklarar korleis ein skal få til god informasjonsflyt mellom samarbeidskommune, vertskommune og NAV på regionalt nivå.

Folkehelse konsekvensar:
Ingen kjende

Miljøkonsekvensar:
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:
Del av kostnader relatert til endra lokasjon

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen kjende

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Hareid, 19.06.2017

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

**VERTSKOMMUNEAVTALE
OM FELLES NAV-KONTOR**

FOR

HAREID KOMMUNE
(vertskommune)

OG

ULSTEIN KOMMUNE
(samarbeidskommune)

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen gjeld felles NAV-kontor for kommunane Hareid og Ulstein. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova § 28-1b – administrativt vertskommunesamarbeid, jfr. også kommunelova §28-1 a-k.

Namnet på samarbeidet vert NAV Hareid / Ulstein.

Nytt felles NAV-kontor skal lokaliserast til Hareid sentrum i umiddelbar nærleik til kollektivtrafikk.

2. Deltakarkommuner

Vertskommune er: Hareid

Samarbeidskommune er: Ulstein

Det er partane sin intensjon at samarbeid om felles NAV-kontor kan utvidast til å omfatte andre kommunar, når dette eventuelt måtte bli aktuelt.

3. Føremål og oppgåver

Vertskommunen skal gjennomføre verksemda i samsvar med lov av 18.12.2009 nr 131 om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV), kommunelova, forvaltningslova og anna regelverk som gjeld for kommunane.

Føremålet med samarbeidet er å etablere fagleg robuste NAV-tenester som sikrar god og brei kompetanse, habilitet og rettssikkerheit i tenestetilbodet. NAV skal vere ope og tilgjengeleg for brukarane, samarbeidspartane og for ålmenta.

NAV skal saman med samarbeidspartane ha fokus på å betre levekåra til vanskelegstilte ved å tilpasse tenestene til kvar enkelt brukar sine behov og ha særleg vekt på kvalifisering til arbeid og aktivitet.

4. Oppgåver og mynde som blir delegert til vertskommunen

4.1 Mynde vedkomande Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV)

Kommunestyret i Ulstein kommune (samarbeidskommunen) delegerer alle oppgåver og alt mynde etter lov om sosiale tenester i NAV til rådmannen, som igjen skal delegere dette myndet vidare til rådmannen i Hareid (vertskommunen).

Delegeringa gjeld avgjerder i enkeltsaker og saker utan prinsipiell verknad, under dette også mynde som underinstans i klagesaker.

Rådmannen i vertskommunen kan vidaredelegere myndet etter denne avtalen, inkludert mynde som underinstans i klagesaker, til leiar for NAV Hareid / Ulstein.

Som eksempel på oppgåver som vert delegert etter avtalen kan nemnast

- Økonomisk sosialhjelp

- Kvalifiseringsprogrammet
- Råd og rettleiing
- Mellombels butilbod
- Individuell plan

4.2 Mynde til å representere samarbeidskommunen overfor staten ved etablering og drift av felles NAV-kontor

Tilhøvet mellom staten og Hareid kommune som vertskommune, er regulert av den til ein kvar tid gjeldande samarbeidsavtale mellom Hareid kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Møre og Romsdal (NAV Møre og Romsdal).

Vertskommunen har fullmakt til å representere samarbeidskommunen overfor NAV Møre og Romsdal, når det gjeld høve knytt til den ordinære drifta av felles NAV-kontor.

5. Instruksjons- og omgjeringsmynde ovanfor vertskommunen

Samarbeidskommunen kan gi vertskommunen instruks om utøving av det delegerte myndet i saker som gjeld samarbeidskommunen åleine, eller personar som samarbeidskommunen har ansvar for, i følge lov om sosiale tenester i NAV.

For vedtak vertskommunen treff etter delegasjon frå ein samarbeidskommune, har samarbeidskommunen det same omgjeringsmynde som etter forvaltningsloven sin § 35 fyrste ledd

6. Sakshandsaming, underretning, klage mv.

Vertskommunen har det faglege og administrative ansvaret for tenesta, for at sakshandsaminga er fullt ut forsvarleg og følgjer sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, personopplysningslova, arkivlova mv.

Det er partane sin intensjon at alle problemstillingar kring arkivering, her under historisk arkiv, skal løysast på best muleg måte gjennom separat avtale,

På førespurnad frå samarbeidskommunen pliktar vertskommunen å orientere om alle tilhøve som gjeld vertskommunen si utøving av det delegerte myndet.

Klage over vedtak fatta av vertskommunen, skal handsamast i medhald av føresegnene i kommunelova § 28-1 f.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klageinstans.

7. Informasjon og rapportar til samarbeidskommunen

Vertskommunen skal, i samband med vertskommunen sine tertialrapportar, rapportere det økonomiske budsjettforbruket, til samarbeidskommunen. Det skal rapporterast etter same mal som vertskommunen sjølv nyttar i sine økonomiske rapportar.

Ved eitkvart større avvik i høve budsjettpostar, som gjeld samarbeidskommunen, skal vertskommunen, utan ugrunna opphald, rapportere dette til samarbeidskommunen. NAV tenesta sine årsresultat skal formidlast til rådmannen i samarbeidskommunen, gjennom

førebels årsrekneskap, årsrekneskap og årsmelding for tenesta. Eventuelle målingar av tenestekvalitet, resultat av brukarundersøkingar, måloppnåing m.v. , skal rapporterast i nemnte årsmelding for tenesta.

Rapporteringa frå vertskommunen skal gi samarbeidskommunen oversyn over utviklinga i tenesta samt korrekt grunnlag for rapportering til KOSTRA. Samarbeidskommunen har sjølv ansvar for KOSTRA-rapporteringane.

Melding om vedtak gjort i vertskommunen, klagesaker, tilsynsrapportar, forvaltningsrevisjon m.v., skal utan ugrunna opphald sendast rådmannen i samarbeidskommunen.

8. Informasjon

Vertskommunen har ansvaret for at det tverrfaglege samarbeidet med samarbeidskommunen vert utvikla. Vertskommunen har vidare ansvar for informasjonen om NAV-tenestene til samarbeidsinstansar i samarbeidskommunen og utadretta i høve samfunnet og brukarane.

9. Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28-1 h, jf. § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 nr. 1 overfor verksemda, jf. kommunelova § 28-1 j.

10. Personalet

Dei kommunalt tilsette i NAV Ulstein blir etter avtale mellom dei tilsette, kommunen og fagorganisasjonane overførte til vertskommunen (Hareid). Dette skal reknast som ei overdraging av verksemd etter arbeidsmiljøova kapittel 16, og det skal gjerast individuelle avtalar med dei tilsette. Vertskommunen er arbeidsgjevar (inkl. tilsetjingsmynde og personaloppfølging).

Kommunalt tilsette i NAV Hareid / Ulstein følgjer som hovudregel dei retningslinene for tilsette som gjeld i vertskommunen og retningslinene vert like for alle tilsette som arbeider ved kontoret.

11. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, samt ansvar for tilfredsstillande lokale og driftsmidlar.

Budsjettprosessen startar med eit møte i samarbeidsorganet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommune og vertskommunen. Dette møtet skal finne stad seinast 01.10 før budsjettåret.

Vertskommunen orienterer samarbeidsorganet om tilhøve og ramme for nemnte årsbudsjett og økonomiplan. Eventuelle innspel frå samarbeidsorganet og samarbeidskommunen skal takast med i vertskommunen sitt vidare arbeid i budsjettprosessen.

Det er rådmannen i vertskommunen som har ansvaret for det endelege budsjettframlegget som leggst fram for kommunestyret i vertskommunen.

Samarbeidskommunen sitt økonomiske bidrag for felles NAV-kontor, må handsamast og godkjennast av kommunestyret i denne kommunen.

Driftsutgifter til NAV Hareid / Ulstein (til dømes kontorhald, husleige, reinhald og straum) blir betalt av NAV Møre og Romsdal som sender refusjonskrav til vertskommunen.

Fordelingsnøkkel baserar seg på tal tilsette i stat og kommune, jf. samarbeidsavtale og driftsavtale (sjå vedlegg 1) mellom Hareid kommune og NAV Møre og Romsdal.

Kommunane sin del av driftskostnadane til felles NAV-kontor, blir fordelt mellom kommunane etter tal innbyggjarar i kommunen pr. 01.07, året før kvart einskilt budsjettår.

Vertskommunen sender refusjonskrav til samarbeidskommunen .

Samarbeidskommunen skal betale administrasjonskostnader med eit årleg beløp på kr 50 000 til vertskommunen. Beløpet gjeld administrasjonstenester som til dømes fellsetenestene økonomi, personal, løn m.m.. Beløpet vert justert årleg etter SSB sin lønsindeks, 1. kvartal for kvart nytt påbegynt år. Beløpet skal betalast med tre like terminar kvart år og faktura vert utstedt den 15. i månaden for kvart nytt oppstarta tertial.

Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 3 gonger i året. Faktura vert utstedt den 15. i månaden for kvart nytt oppstarta tertial. A-kontosummen vert stipulert ut frå budsjetterte kostnader med drifta for tertialet.

Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

Driftskostnadar til KOSTRA-teneste 281 – (økonomisk sosialhjelp) skal dekkjast direkte av den enkelte kommune der tiltaket/tenesta vert ytt.

Kontrollrutinar og revisjon følgjer vertskommunen sine rutinar.

12. Lokalisering og organisering av arbeidet

Samarbeidet vert organisert med eigen felles NAV-leiar der styringslina vert avtalt i samarbeidsavtale mellom vertskommunen og NAV Møre og Romsdal. NAV-leiaren har det praktiske ansvaret for å syte for god kontakt mellom NAV-kontoret, vertskommunen og samarbeidskommunen, samt mellom NAV-kontoret og brukarane av tenestene. Arbeidet vert organisert ut frå kontoret i vertskommunen der alle tilsette er lokalisert.

Samarbeidskommunen skal for eiga rekning stille eigna kontor og møterom til disposisjon når det er tenleg å ha møte med samarbeidspartar eller brukarmøte i denne kommunen.

Det er partane sin intensjon at dei eksisterande NAV-kontora skal samlokaliseras i en mellombels periode. Partane har ein intensjon om å legge til rette for ein smidig overgang og administrasjonane vil inngå separate avtaler om dette.

13. Samarbeidsorgan

Rådmannen i vertskommunen og samarbeidskommunen, eller den han peikar ut, utgjer ilag med NAV-leiar, samarbeidsorganet for felles NAV kontor.

Samarbeidsorganet skal jamnleg evaluere samarbeidet og ved behov ta initiativ til framlegg til endring av vertskommuneavtalen. Samarbeidsorganet skal og ta stilling til spørsmålet om ei sak er av prinsipiell karakter, dersom det skulle oppstå tvist om dette. Kommunane i samarbeidet pliktar å rette seg etter samarbeidsorganet si avgjerd i slike spørsmål.

Dersom det oppstår tvistar skal ein søke å løyse desse i minnelegheit i samarbeidsorganet.

14. Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjersler

Avtalen gjeld frå den dato NAV Hareid / Ulstein er etablert og i drift, 01.01.2018. Alle arbeidsoppgåver som dei to NAV-kontora har, overførast frå same dato. Mynde, etter punkt 4.1 i denne avtalen vert overført frå same dato.

Endring i avtalen kan gjerast av kommunestyra dersom kommunane gjer likelydande vedtak.

Rådmannen i vertskommunen og rådmannen i samarbeidskommunen kan gjere avtale om tillegg og endringar i denne avtalen så langt det ikkje vedkjem minstekrava til samarbeidsavtale etter kommunelova § 28-1 e som kommunestyra sjølve skal godkjenne.

15. Opplysning

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg med eitt års varsel. Avtalen opphøyrer då ved første årsskifte etter at eitt år har gått.

Samarbeidskommunen v/rådmannen kan likevel trekkje attende det delegerte myndet og avslutte vertskommunesamarbeidet med øyeblikkeleg verknad. Dokumenterte og naudsynte kostnader som dette fører til for vertskommunen i oppseiingstida og elles etter dette punktet må då dekkjast av samarbeidskommunen åleine.

Dersom NAV Hareid / Ulstein vert oppløyst og Samarbeidskommunen etablerer tenesta i eigen kommune, skal tilsette som vart overførte frå samarbeidskommunen til vertskommunen pr 01.01.2018, få tilbod om ny tilsetjing i Ulstein kommune. Tal stillingar som samarbeidskommunen gjekk inn med ved etablering av kontoret skal tilbake til samarbeidskommunen ved eventuell oppløysing av kontoret.

Stillingar som er tilført kontoret utover dette, samt verdiar og lausøyre skal ved oppløysing av felleskontoret fordelast etter fordelingsnøkkelen for drifta av kontoret. Det same gjeld framtidige pensjonskostnader, husleige i følgje avtalt leigetid, samt ev andre økonomiske plikter i ev avtalt bindingsperiode.

For det tilfelle at vertskommunen sei opp avtalen skal vertskommunen sakshandsame uavslutta saker og utøve mynde i oppsigelsestida.

16. Tvistemål

Om kommunane etter forhandlingar i samarbeidsutvalet ikkje vert samde om tvistar, som måtte kome mellom kommunane i samarbeidet, vil tvistemål måtte avgjerast etter reglane i «Lov om mekling og rettergang i sivile tvister»

Avtalen er vedteken i kommunestyra i Ulstein 26.10.2017 sak xx/17 og Hareid 26.10.2017 sak xx/17.

Dato.....

Hareid kommune
Vertskommune

Ulstein kommune
Samarbeidskommune

.....

.....